



Saksbehandlar: Byggesaksavdelinga/Eilin Houlison
Molvik
Vår referanse: 15/422 - 19/9172 / Gbnr-108/88,
Byggnr-12494998-1
Dato: 19.03.2019

Internt notat

Emne: Førebuing dialogmøte med COOP - gbnr 108/88 Lindås

Byggestad: Gbnr-108/88, Byggnr-12494998-1
Tiltakshavar: Goman Rognaldsen AS
Ansvarlig søker: Helgesen Tekniske-bygg AS
Kontaktperson:
Merknad:

I samband med at COOP har overtatt Goman Rognaldsen er det bedt om møte for å avklare kva som gjenstår for å få ferdigattest på tilbygget godkjent i vedtak i saka:

Plan- og miljøutvalet, saknr. 090/15, fatta 10.06.15 vedtak om dispensasjon for oppføring av tilbygg.

Administrasjonen, saknr. 253/15, fatta 16.06.15 vedtak om riving av mindre tilbygg med areal opplyst til om lag 156 m² BRA, løyve i eittrinn. Det er sett følgjande vilkår til rivingsarbeidet:

1. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
2. **Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta. Ved søknad om ferdigattest for rivingsarbeidet skal det leggast fram sluttrapport som syner faktisk disponering av avfall jf. TEK10 § 9-9, samt kvittering for levert avfall jf. TEK 10 § 9-8.**
3. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

Rivingsarbeidet er ikkje avslutta med ferdigattest.

Det vart med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) gjeve godkjenning for følgjande ansvarsrettar i forbindelse med rivingsarbeidet:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TTKL.	ANSVARSSOMRÅDE
SØK	Helgesen Tekniske-bygg AS	965012044	S	1	Hele tiltaket - Riving
PRO	Grindheim Maskin &Transport AS	979302002	L	1	Prosjektering av miljøsanering
UTF	Grindheim Maskin &Transport AS	979302002	S	1	Riving og miljøsanering

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Administrasjonen, saknr. 252/15, fatta 15.07.15 vedtak om rammeløyve for oppføring av næringsbygg med bruksareal (BRA) opplyst til om lag 1045 m².

Det vart set følgjande vilkår til løyvet:



1. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.
2. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 12.05.15 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
3. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 2 med heimel i SAK § 9-3.
4. Tiltaket har tilkomst til offentleg veg. Utbetring av avkjørsle skal opparbeidast i samsvar med uttale frå Statens vegvesen, med omsyn til utvida bruk, datert 06.01.15 (deira referanse 204/152764).
5. **Før det vert gjeve mellombelsbruksløyve/ferdigattest skal det ligge føre godkjenning av avkjørsla frå Statens vegvesen.**

Følgjande ansvar er godkjent i rammeløyvet

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TTKL	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Helgesen Tekniske-bygg AS	965 012 044	S	2	Hele tiltaket
PRO	Helgesen Tekniske-bygg AS	965 012 044	S	2	Arkitektur

Det vart i vedtak datert 25.08.19 gjeve igangsettingsløyve for heile tiltaket knytt til nytt tilbygg.

Det vart med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. §§ 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) / 23-7 (KTR) gjeve godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TTKL.	ANSVAR SOMRÅDE
PRO	Grindheim Maskin &Transport AS	979 302 002	S	1	Grunn- og terrengarbeid
PRO	Firesafe AS	958 249 799	S	3	Brannkonsept
PRO	Helgesen Tekniske-Bygg AS	965 012 044	S	1	Bygningsfysikk, geoteknikk
PRO	Helgesen Tekniske-Bygg AS	965 012 044	S	2	Konstruksjonssikkerhet
PRO	Euroklima Norge AS	998 427 320	S	2	Ventilasjonsanlegg
PRO	Stendal VVS AS	980 626 180	S	2	VA-insallasjoner
UTF	Grindheim Maskin &Transport AS	979 302 002	S	1	Grunn- og terrengarbeid
UTF	Euroklima Norge AS	998 427 320	S	2	Ventilasjonsanlegg
UTF	Stendal VVS AS	980 626 180	S	2	VA-installasjoner
UTF	Helgesen Tekniske-Bygg AS	965 012 044	S	2	Overordna ansvar for utførelse
UTF	Helgesen Tekniske-Bygg AS	965 012 044	S	1	Tømrerarbeid
KTR	Siv. Ing. Tore Nygård AS	989 370 251	S	2	Kontroll Konstruksjonssikkerhet
KTR	BrannCon AS	993 230 537	S	3	Kontroll brannkonsept nytt tilbygg

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Oppsummert

Helgesen Tekniske bygg AS er godkjent som ansvarleg søkjar i saka.

For å få avslutta saka må vilkår gjeve i vedtak datert 16.06.15 knytt til riving og vilkår i vedtak datert 15.07.15 knytt til tilbygg dokumenterast oppfylt, dette gjeld i høve til avfallsplan og handtering av avfall ved riving og tilbygg, i tillegg må avkjørsla avklarast med Statens vegvesen.

Det må leverast inn oppdatert gjennomføringsplan og kontrollerklæringar for føretaka som er godkjent med ansvar i saka.